

AS Arkiton
c/o Arne Abelsen Sørfjordvegen 11D
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1872 - 21/59827

Saksbehandlar:
Madeleine Fønnes Aase
madeleine.fønnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
15.09.2021

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 134/4 Hilland

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 134/4
Tiltakshavar: Øystein Valle

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 01.09.2021, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 123/21 Vedtak:

Klagen vert teken til følgje og vedtak i sak 21/1872, datert 06.04.2021 vert oppheva. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformåla i bebyggelsesplanane for Hilland vest felt 4 og Hilland vest felt 6 for arealoverføring frå gbnr 134/4 til gbnr 134/463 som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er:

- Dispensasjon for arealoverføring vil tilføre fellesskapet i Hilland Vest betre visuelle opplevingar når dette vert ein del av hagen til søkjar. I dag framstår arealet uryddig og halvferdig, og representerer difor ein negativ verdi for fellesskapet.
- Ein dispensasjon vil ikkje råka fellesskapsinteresser, miljø-, friluft eller kulturminneverdiar.
- Omsøkt dispensasjon vil heller ikkje råka born eller ungdom sine interesser knytt til leik eller uteopphald.
- Det er ingen negative merknader frå naboar.

Utval for areal, plan og miljø meiner at dei omsyna som ligg bak bebyggelsesplanen ikkje vert vesentleg tilsidesett om det vert gjeve dispensasjon, jf. kravet i plan- og bygningslova sin § 19-2. Vidare meiner utvalet at fordelane ved å gje dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er klart større enn ulempene. Det vert vist til grunngjevinga i kulepunktta ovanfor»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Madeleine Fonnes Aase
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for arealoverføring - gbnr 134/4 Hilland

Kopi til:

Øystein Valle

Mottakarar:

AS Arkiton	c/o Arne Abelsen Sørfjordvegen 11D	5265	YTRE ARNA
Rakel Valle	Vardane 112	5911	ALVERSUND
Øystein Valle	Vardane 112	5911	ALVERSUND